

Helse Midt-Norge  
Postboks 464  
7501 Stjørdal

Saksdok.: \_\_\_\_\_

Mottatt: **24 MAI 2007**

Saksbeh.: DAM Unnt.off.: \_\_\_\_\_

Arkiv: \_\_\_\_\_

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
AJE/tn


Ålesund, 22.05.07

### **EVALUERINGRAPPORT RUSBEHANDLING MIDT-NORGE – HØYRING**

Styret i Helse Sunnmøre behandla i møte 16.05.07 sak 2316/2007. Det vart gjort slikt vedtak i saka:

*"Styret for Helse Sunnmøre sluttar seg til den ovannemnde høyringsuttalen for organiseringa av Rusbehandling Midt-Norge."*

Venleg helsing

  
Astrid J. Eidsvik  
adm. direktør

Vedlegg: 1. Styresak 23/2007

**SAKSFRAMLEGG**

Vår ref.: AJE  
Ark.nr.: 008  
08.05.07

**Styresak - 23/2007****EVALUERINGSRAPPORT RUSBEHANDLING MIDT-NORGE – HØYRING**

Styret for Helse Midt-Norge etablerte eit eige helseføretak for rusbehandling i samband med den statlege overtainga av fylkeskommunen sitt ansvar innan området rus. Helseføretaket vart vedteke oppretta i sak 69/03 i styret for Helse Midt-Norge og vart etablert med verknad frå 1. januar 2004. I styrevedtaket vart det presisert at den langsiktige målsettinga er ein integrasjon av rustenestene i helseføretaka si øvrige verksemd. Av denne årsak vart det også vedteke å evaluere organiseringa i 2006. Denne evalueringa ligg no føre. Konklusjonen i rapporten frå International Reserch Institute of Stavanger (IRIS) som evaluerte organiseringa, ligg ved. Rapporten som heilheit kan sendast til styremedlemane dersom dette er ønskjeleg og ligg derfor som uprinta vedlegg.

Helse Midt-Norge har bede om at følgjande problemstillingar blir drøfta i høyringsuttalen:

- 1. Hvordan samsvarer evalueringsrapporten generelt med høringsinstansens erfaringar?*
- 2. I hvilken grad opplever høringsinstansen at Rusbehandling Midt-Norge har nådd Helse Midt-Norge sine intensjoner for tilbudet til rusmiddelavhengige?*
- 3. I hvilken grad mener høringsinstansen at organseringen i eget foretak har hatt betydning for utviklingen av Helse Midt-Norge sitt behandlingstilbud til rusmiddelavhengige?*
- 4. I hvilken grad mener høringsinstansen at organseringen i eget foretak har hatt betydning for utviklingen av tjenestetilbudet høringsinstansen skal tilby til pasienter med rusmiddel avhengige?*
- 5. Hvilke utfordringer ser høringsinstansen at Helse Midt-Norge står overfor for videreutvikling av tilbudet til rusmiddelavhengige som er av betydning for val av fremtidig organsisasjonsmodell?*

Helse Sunnmøre er av den oppfatting at det er klokt å engasjere eksternt firma til å gjennomføre evalueringa av organiseringa av rusføretaket i Helse Midt-Norge. Arbeidet som er utført av IRIS synes grundig. Vi er likevel spørjande til at firmaet har blanda organiseringa av psykisk helsevern inn i evalueringa av rusføretaket. Vi er derfor svært nøgd med at Helse Midt-Norge i sitt høyringsbrev presiserer at dette ikkje var ein del av oppdraget og dermed heller ikkje tema for denne høyringa.

Generelt kan ein seie at organiseringa av rustilbodet i Helse Midt-Norge har i ein slik overgangsfase frå å vere fylkeskommunalt til statleg vore vellukka. Dette gjeld både utvikling av tenestetilbudet og det å setje rusbehandling på dagsorden i helseregionen vår. Helse Sunnmøre var i si tid skeptisk til etablering av eit eige rusføretak med bakgrunn i ei sterk bekymring omkring samordningsbehova mellom rus og psykisk helsevern med ei organisering i kvart sitt føretak. Det ser likevel ut til at ein har lukkast

betre med dette enn vi hadde forventa, noko som vi er svært tilfreds med. Utgangspunktet for ei kvar organisering er sjølvsagt at dette skal vere eit middel for å nå målet om betre pasienttilbod. Respondentane i høyringsprosessen seier m.a. at organiseringa har vore definitivt positiv, eigentleg over forventning.

Rusproblematikken er veksande i samfunnet vårt. Det er derfor viktig å stille spørsmål ved om ein har nådd intensjonane for tilbodet til rusmiddelavhengige. Som samarbeidande helseføretak ser det ut som om rusføretaket har greidd å tilfredsstille rusmisbrukarane på ein betre måte enn før rusreforma. Det synes som om at fleire brukarar og pårørande er nøgde med rustilbodet no enn tidlegare. Vi konstaterer likevel at det framleis er ein veg å gå i samband med å få sett rusbehandling og rett behandling på dagsorden.

Rusteama som i dag er organisert i vaksenpsykiatrisk avdeling under Helse Sunnmøre har i desse åra utvikla eit tett og konstruktivt samarbeid med rusføretaket. Dette har gjort sitt til at ein har lukkast betre med å gi eit tilbod til rusmisbrukarar i distriktet vårt. Dette samarbeidet/samordninga ønskjer vi skal fortsetje og vidareutviklast uavhengig av organisasjonsmodell. Utan eit slikt samarbeid vil ein ikkje lukkast i å gi eit heilskapeleg tilbod til rusmisbrukarar. Psykiatriske problemstillingar og rusmisbruk heng ofte nøye saman. Dette gjer at fagområda må samhandle til det beste for den einskilde brukarar av tenestetilbodet, enten det er gjennom rusteamet i sjukehuset eller som ein del av rusbehandlingstilbode i rusføretaket.

Rustilbodet har blitt styrka i åra etter statleg overtaking. I kor stor grad dette skuldast måten ein har valgt å organisere rusbehandlingstilbodet på i Helse Midt-Norge er vi usikre på. Generelt kan ein vel seie at forventningane og bestillinga med reforma var tydeleg. Rusbehandlingstilbodet skulle styrkast. Dette har skjedd både i Helse Midt-Norge og i dei andre regionane til trass for ulik organisering. Vi vil derfor ikkje legge så stor vekt på måten RHFet har organisert rusføretaket på og tydinga dette har hatt på utviklinga generelt sett.

Dersom Helse Midt-Norge vel å forsette med dagens organisering vidare framover, er det særdeles viktig at samhandlinga mellom rusteama innan psykisk helsevern blir vidareutvikla. Her ligg mykje av nøkkelen for å lukkast vidare med å gi eit heilskapeleg tilbod til rusmisbrukarar i framtida.

Framlegg til

#### **VEDTAK:**

Styret for Helse Sunnmøre sluttar seg til den ovannemnde høyringsuttalen for organiseringa av Rusbehandling Midt-Norge.

Astrid J. Eidsvik  
adm. direktør